



Lars Børge Seberg og Trond Ramsøy er på jakt etter bilete få tidsrommet frå 9. april til 1.juni og det innskrenkjar seg ikkje til foto av nokre båtar. Det omfattar og fly og lastebilar. Faktisk var det så mange som 33 båtar som søkte inn i fjorden etter krigsutbrotet. Dei 3 båtane som vart beordra inn til Kvinnherad - Tindfjell, Neptun og Stensaas - var altså berre nokre få av alle skipa som marinen sendte inn her etterat Bergen var erobra.

Det var og 3 norske fly med kopling til Uskedalen gjennom Hardanger Sjøfartsavsnitt.

Det var båtar også i Ulvik, Kinsarvik, Granvin, Eidfjord og Lofthus. Flya hadde basen sin i Simadalen i Eidfjord. Dei vart brukt frå 10. til 22. april som støtte for dei norske styrkane 19. april i Uskedalen og Herøysund og ved bombinga av Bremse ved Husnes 20. april.

På biletet over er eit fly av den typen som vart nytta

Tekst.: Trond Ramsøy og Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen

Ring 481 18 434 hvis du har bilete.